

Sakshandsamar:
 Øystein Hunvik
 E-post: Oystein.Hunvik@sfj.no
 Tlf.: 47700466
Vår ref.
 Sak nr.: 16/9296-14
 Gje alltid opp vår ref. ved kontakt
Internt l.nr.

22560/17

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 06.06.2017

Notat

Frå: Fylkesrådmannen

Til: Fylkesutvalet 12. juni 2017

Kopi: Fylkestinget, FT-sak 24/17
Samferdsleutvalet, møte 12.juni 2017

Ekspressbåtane Sogn - Bergen

Fylkesrådmannen viser til FU-sak 48/17, handsama i møte 31.05.2017.

Som grunnlag for saksutgreiinga vår vart m.a. rapporten «*Utgreiing om endringar i rutetilbodet for Sognebåten*» nytta. I etterfølgjande møte med Visit Sognefjord (01.06.06) kom det fram at rapporten er endra etter at den vart sendt til Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Fylkeskommunen har ikkje fått oppdatert versjon av rapporten, men på bakgrunn av opplysningar i nemnde møte har fylkesrådmannen sett på kostnadsanslaga i saka.

Endring av endestopp frå Sogndal til Flåm medfører ein ekstraproduksjon på 16.000 kilometer pr. år. Kostnadsauken med denne produksjonsauken vil blir om lag 2,1 millionar kroner pr. år.

Oppdatert tabell kostnader:

Inntektsbortfall 1/3 av 4,6 mill.kr	1 500 000
Auka driftskostnader båt	2 100 000
Forlenga bussrute Sogndal – Leikanger	1 000 000
Nedlegging Flåmekspresen	- 800 000
Auka kostnader	3 900 000

Fylkesrådmannen meiner (framleis) det er stor risiko knytt til inntektsbortfall og omfanget av nye passasjerar. I starten vil det årlege tilskotsbehovet auke med inntil 4 mill. kr.

Det vil vere behov for nye billettinntekter til og frå Flåm på om lag 4 mill.kr årleg for at kostnaden ikkje skal bli høgare enn i dag.

Endringane ovanfor medfører ikkje endringar i fylkesrådmannen sin konklusjon og tilråding.